

NIKUs høyringsinnspel til Rapport om særfinansiering av utsatte humaniorafag

Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) set pris på å bli invitert til å kome med innspel på rapporten *Særfinansiering av utsatte humaniorafag*.

Innleiande kommentarar

Høyringa nedanfor ber preg av at direktøren i NIKU tidlegare har arbeidd både i kulturminneforvaltninga og med språksamlingane ved Universitetet i Oslo

Vår første kommentar gjeld høyringslista, for her er ikkje kulturminneforvaltninga representerte i det heile, ikkje ved Riksantikvaren, direktoratet på feltet, og ikkje ved fylkeskommunane som forvaltar Kulturminnelova. Vi saknar også museumsfeltet, som truleg ville hatt same typen perspektiv på rapporten som NIKU har. Det er no opp til NIKU å peike på samanhengen mellom Kulturminnelova, kulturminneforvaltningas utdanningsbehov og dei humanistiske faga. Kulturminnelova er nemnd som eitt av dei fremste døma på lovbaserte krav og folkerettslege forpliktingar i dette avsnittet (s. 10ff). Sidan samfunnsbehov for faga er eit svært relevant omsyn i mandatet, ser det umotivert ut å ikkje inkludere kulturminneforvaltninga eller museumssektoren på høyringslista (men Arkivverket er representert).

Det går som ein raud tråd gjennom rapporten at ein ikkje ønskjer at ei eventuelt særfinansieringsordning skal bidra til den generelle tendensen til konservatisme innanfor humaniorafeltet. Det er det heilt greitt å vere samd i. Likevel kan rapporten lesast som at ekspertgruppa meiner at utfordringa *snarare* er vanskar med å fornye fagporteføljen, enn å behalde finansiering for utsette småfag. Vi spør oss om denne inngangshaldninga i for stor grad har fått farge konklusjonane i rapporten.

Det er slik sett interessant at ein peikar på at det er lite eksternt press for endringar i porteføljen, medan det er vist til at nedleggingar har vore gjennomført til store protestar både interne og eksterne. Både dei interne og dei eksterne protestane kan kanskje tolkast som utslag av generell konservatisme, men ein kan ikkje sjå bort frå at desse protestane kanskje er uttrykk for at nokre instansar ønskjer å signalisere at det er knytt reelle samfunnsbehov til dei nedleggingstruga faga. Vi har forståing for at så lenge dette er eit nullsumsspel, vil nødvendigvis oppretting av nye fag haldast opp mot verdien av å behalde dei eksisterande. Men dette fargar likevel rapporten i for stor grad, og vi har spurt oss: ønskjer ekspertgruppa eigenleg ei ordning som opprettheld utsette fag?

Fag, studiefag, forskningsfag, disiplin og ekspertområde

Avsnittet om «ekspertområder» er ikkje oppklarande. Nordiskfaget er slik sett eit illustrerande døme på at det faktisk manglar ein ryddig diskusjon av kva eit *fag* - og dermed eit *småfag* - er i denne rapporten. Rapporten gir opp å definere *ekspertområde*, men likevel kallar ein utan vidare namnegransking og leksikografi for nettopp ekspertområde. Nordiskfaget er notorisk vidtfemnande slik det pr i dag blir definert av dei ulike lærestadene, men merk at ikkje alle lærestader puttast det same innfor studiefaget eller det aktive forskingsfaget. Den fornyinga som blir etterlyst i denne rapporten, har for ein stor del skjedd ved at nye disiplinar har oppstått innfor ramma av tradisjonelle fag som nordiskfaget – eller historiefaget. Når spørsmålet om særfinansiering av småfag og definisjonane av «utsett småfag» skal diskuteras, er ikkje dette irrelevant, for det kan godt hende at desse småfaga eksisterer innfor rammene av institusjonelle konstruksjonar som er paraplyar over mange fag og disiplinar. Vi meiner altså at ein ikkje kan definere bort faga namnegransking og leksikografi ved å leggje dei inn under nordiskfaget som ekspertområde, sjå nedanfor.

Når det gjeld kulturminne- og museumsfeltet, er dette relevant, for tradisjonelt er det gjerne etnologien som har utdanna kandidatar til praksisfeltet vårt. Ca år 2000 blei folkloristikk og etnologi slått saman i eit nytt fag, kulturhistorie som skulle omfatte både den materielle delen av kulturhistoria (etnologien) og den åndelege (folkloristikken). Sidan det har kulturhistorie som fag utvikla seg vidare i fleire interessante retningar. Med kulturminneforvaltninga eller museumsfeltet sine briller på, er det ganske klart at det er uheldig for rekrutteringa til våre «ekspertområde» eller praksisfelt at kandidatane ikkje lenger er intimt kjende med dei fysiske objekta for samfunnsoppdraget vårt. Men kulturhistorie er sjølvsagt ikkje av den grunn et utsett fag! Dette tener som døme på at delar av det som i dag blir omfatta av eit fag, eit studietilbod eller eit studieprogram kan vere utsett og ha høg relevans for eit samfunnsområde, utan at denne rapporten i det heile tatt ville fange det opp gitt premissane og definisjonane – eller mangelen på slike.

Avgrensing av utsette fag

Det bør ha gått fram av diskusjonen over at den definisjonen som ekspertgruppa brukar på «utsett fag» i denne rapporten ikkje er fullgod, gitt at eit «fag» ikkje er definert i utgangspunktet.

Også definisjonen av «utsett» er litt problematisk. At eit utsett fag blir definert som utsett fordi det på gjeldande tidspunkt er truga av nedlegging av institusjonen som «eig» det, er på ein måte logisk. Men storleiken i seg sjølv gjer vel også eit fag sårbart? Og den strategiske støtta for eit slikt sårbart kan fort skifte, t.d. som følgje av insituttet sin økonomiske situasjon. Om storleiken og nedleggingsspøkelset var det einaste kriteriet, ville ei særfinansieringsordning utan tvil bidra til uheldig konservatisme. Men her må ein leggje til omsynet til samfunnet sine behov. Om samfunnsrelevansen er høg, er ikkje denne konservatismen uheldig. Implisitt blir kriteriet samfunnsnytte lagt til i dette avsnittet (s.9), for det blir jo vist til at mange institusjonar kryssubsidierer fag, og har ikkje planar om nedlegging sjølv om faget er lite. Grunngevinga må jo då vere at det er gode grunnar for å oppretthalde det. I alle fall éin av desse grunnane bør vere at det eksisterer eit behov i samfunnet for kandidatar som har eksamen i faget.

Kva for samfunnsbehov skal dekkjast?

Dette er eit viktig avsnitt, fordi det er klart at det for ein del må vere samfunnsbehova som har motivert bestillinga av rapporten i første omgang (jf. mandatet på s. 3). Det er tankjevekkjande at også her blir det trekt inn samfunnet sine *nye* behov, og gruppa hadde gjerne sett at ei ny finansieringsordning la til rette for *endringseva*, dvs. å avstemme fagporteføljen inn mot stadig endra behov. Dette er ein interessant tanke, men følgjer ikkje av mandatet. Også presiseringa av at ikkje alle samfunnsbehov skal dekkjast av dei norske studiestadene er interessant; noko kan dekkjast av internasjonale studiestader, noko anna ved erfaringsbasert læring. Desse innleiande merknadene munnar ikkje ut i eit positivt svar om kva for samfunnsbehov som er legitime som fundament for eit «småfag». Det næraste ein kjem til svar er lovbaserte krav og folkerettslege forpliktingar (s. 10ff).

I denne samanhengen er det svært interessant at ekspertgruppa løftar heile spørsmålet om samisk ut av diskusjonen, ved å gje departementet eit særleg ansvar for å oppretthalde det ved dei ordningane dei tykkjer er kravde. Dette er ei robust løysing for eit fag som det er eit statleg ansvar å oppretthalde – av fleire grunnar. Vi er heilt samde i konklusjonen, men løysinga kunne kanskje også vere vald for andre fag? Når det gjeld samlingsverksemda i Bergen, er jo faktisk same løysing vald. Der har Kunnskapsdepartementet gått inn med ei permanent særfinansieringsordning av omsyn til kor viktig samlingane er i lys av samfunnet sine behov.

Kulturminnelova er neste eksempel, og arkeologi blir brukt som døme på eit fag som ein *må* ha for å etterleve denne lova. Det er pr i dag rett nok ikkje truga (som heller ikkje samisk er det etter definisjonen til ekspertgruppa).

Når dette er sagt, omfattar Kulturminnelova også moderne tid. Det inneber forvaltning av ei rekkje kulturminne som i dag ikkje er understøtta av studiefag (jf. diskusjonen av kulturhistorie ovafor). Fartøy, teknisk-industrielle kulturminne, alle typar freda bygningar utgjer ein stor del av det Kulturminnelova regulerer, men det er langt mellom kandidatar med passende utdanning for å forvalte dei. Det gamle etnologifaget er sakna av oss som rekrutterer til dette arbeidsfeltet. Difor grip ein argumentasjon som viser til lovbaserte behov for faget også vidare inn i sjølve faget si oppbygging.

Stadnamnlova og Unescos konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven blir nemnde nedst på side 11. Men måten diskusjonen om leksikografi og namnegransking *ikkje* blir tatt her, er rett og slett provoserande og til dels direkte villeiande. Her står: «Vern av stedsnavn som reguleres i Lov om stadnamn og UNESCOs konvensjon av 17.10.2003 om vern av den immaterielle kulturarven, medfører behov for spesialisert språkvitenskapelig kompetanse.» Stadnamnlova regulerer rett og slett eit eige forvaltningsområde, eit praksisfelt. Det logiske ville då kanskje vere å seie noko om namnegransking som fag inn mot dette behovet. I staden hoppar ein over til leksikografi (!), og brukar særfinansiering av samlingsverksemda ved UiB som eit argument for at «faget» ikkje er utsett. Det er samlingsverksemda som er finansiert ved ei særordning ved UiB. Undervisnings- og studiefaget er ikkje det, og er absolutt utsett på nasjonal basis etter kriteria ekspertutvalet set opp. Stadnamnlova har ingenting med leksikografien som fag å gjere. Og her blir det, etter vår meining heilt rett, brukt ordet «fag» om leksikografien – og kanskje ved implikasjon også om namnegranskinga? Som argument for samfunnsbehovet for faget namnegransking, kan ein vise til stadnamnlova. Leksikografien kan ikkje stø seg på eit lovgrunnlag, men at den har høg grad av samfunnsrelevans, er klart. Det handlar om vilkåra for å oppretthalde norsk som bruksspråk i landet, og det er då også difor at Kulturdepartementet har tatt ansvar for nokre av ordboksprosjekt som no føregår i tilknytning til samlingane ved UiB.

At ein i rapporten vik unna heile den store diskusjonen av namnegransking og leksikografien sin plass og vilkår i Noreg ved å blande korta når ein gjer greie for den organisatoriske løysinga for samlingane, og ved definere desse faga ut som «ekspertområde» i utgangspunktet, er ikkje tillitvekkjande. Ein hadde her venta at denne saka hadde fått tene som input for ei opplysende drøfting av samanhengen mellom utsette småfag og samfunnets behov – med skisse til løysingar.

Beredskapsordning

Gitt at ekspertgruppa konkluderer med at det ikkje finst utsette småfag i Noreg gitt deira eiga avgrensing, ser det tilsynelatande ut som ei god ordning å opprette ei beredskapsordning. Men gruppa har sjølv opna for ei særfinansieringsordning for samisk, og det er alt etablert ei særfinansieringsordning for samlingsverksemda ved UiB. Det er klart at for begge desse faga ville ei beredskapsløysing ikkje ha vore eit godt alternativ. Om ein har identifisert samfunnsbehov som er uomgjengelege, bør ein etablere særfinansieringsordningar som er meir stabile og som gir meir føreseielegheit enn beredskapsløysingar. Dette krev at denne rapporten hadde gjort ein grundigare analyse av samanhengen mellom samfunnsbehov og dei studietilboda som finst. Det burde ideelt sett ha omfatta ein analyse av behov for nyorientering og nye studietilbod.